

SANSEHAGE

LINDÅS BU- OG SERVICESENTER



- **Framlegg til utforming**
- **Kostnadsoverslag**

Innhold

Bakgrunn.	3
Grunnlaget for utforming av hagen.	3
Målsetting.....	3
Ønskeliste for tiltak og utforming.	3
Andre tilhøve som er lagt vekt på.	4
Området – arealet som er tilgjengeleg.....	5
Planen.....	5
Eksisterande gangveg langs bygget (veg 1 A og 2 A).....	5
Felles utplass, - Festplassen.....	5
Veg B, staudebed og basseng.....	5
Veg C.....	6
Veg E.....	6
Andre anlegg.	6
Kvalitetskrav.	6
Oppfyling av krav til universell utforming.	6
Kostnadsoverslag.....	7

Vedlegg:

Plan Hage
 Perspektivbilder 3D
 Sansehage Layout/Levegg med tak
 Arbeidsbeskrivelse.

Bakgrunn.

Prosjektet som vert vist og gjort greie for i denne planen kom i stand etter eit ønskje frå tilsette ved Lindås Bu- og servicesenter om å få bygt ein sansehage ved Lindås Bu- og Servicesenter. Ønsket vart fanga opp av Lindås Sanitetsforening som i februar 2013 valde å gje kr 250.000,- for å få etablert hagen.

Fram til 2013 hadde var det utført ein del førebuande arbeid i kommunen, men ikkje utarbeida konkrete planar eller avsett budsjettmidlar til gjennomføringa.

Løyvinga frå Saniteten var betydeleg, men langt frå tilstrekkeleg til å dekke totalkostnaden med hagen. For saniteten var det viktig å vite at pengane vart nytta slik at dei kunne finnast att som del av eit ferdig hageanlegg, noko som var vanskeleg all den tid det mangla både konkrete planar for hagen og vedtak om at arbeidet skulle gjennomførast.

Saka vart teken opp ved at avdelingsleiari for Lindås Bu- og Servicesenter, Kristin Fjeld Arvidsson, kalla inn til planleggingsmøte på Lindås Bu- og servicesenter den 24. mai 2013. Dei som møtte der var Laila Rosnes, Heidi Tykhelle og Arne Aven frå saniteten. Jan Erik Hansen representerte eigedomsavdelinga i kommunen og Anny Refsdal, Åse Hundvin og Kristin Fjeld Arvidsson frå Lindås Bu- og Servicesenter.

Hovudkonklusjonen i møtet var at det måtte utarbeidast plan og kostnadsoverslag for hagen, før det kunne gjerast vedtak om utbygging og før arbeidet i det heile kunne settast i gang.

Kommunen kunne hjelpe til med å få fram det teknisk grunnlaget for planen og med produksjon av planteikningar, men hadde ikkje tid til å koordinere og utarbeide sjølve planarbeidet. Saniteten v/ A. Aven tok på seg å gjennomføre dette arbeidet.

Arbeidet med sjølve utforminga og løysinga er utført i nært samarbeid med Åse Hundvin, Anny Refsdal og avdelingsleiaren ved Bu- og Servicesenteret.

Undervegs i arbeidet vart det nødvendig å få inn anna hjelp til produksjon av planteikningane.

Utteikning av planen med illustrasjonar har saniteten fått utført av utført av Olaug Sætre som tidlegare har laga plan for tilsvarande hage ved Nordliheimen i Austrheim.

Teknisk avdeling i kommunen ved Jan Erik Hansen har samarbeidd om tekniske løysingar og rekna kostnader.

Grunnlaget for utforming av hagen.

Det er tilsette sine ønskjer som i det alt vesentlege ligg til grunn for utforminga av planen og dei løysingane som er vist.

Målsetting.

Sansehagen skal vere:

- ein stad der demente kan vere ute, oppleve frisk luft og natur i trygge omgivelser.
- ein stad der demente kan delta i utaktivitetar, oppleve sansestimuli og få ei oppleving av meistring.

Ønskeliste for tiltak og utforming.

- Gangstiar helst lagt som rundløyper der ein kjem tilbake til utgangspunktet.
- Stiane bør ikkje vere for lange. Dei må vere breie nok til at ein kan møtast med rullestol.

- Faste sitteplassar langs stiane, - må kunne kjøre inntil benk med rullestol og sitte utan å hindre ”trafikken” på gangstien.
- Uteplass med tak over, skjerma mot sol og vind, - til bruk både sommar og vinter. Uteplassen er samlingsplass for ulike aktivitetar saman med bebuarane. Vaffelsteiking og anna enkel matserving, sitte rundt bord, vask og stell av grønnsaker, plass for juletre, ulike trimaktivitetar ballspel, mm.
- Sjå, kjenne, høyre. Utsikts plassar, kjenne vind, høyre regn, utstilling av kjente og ukjente gjenstander.
- Lyssetting langs gangstiar og spesielle punkt.
- Basseng/dam med rennande springvatn.
- Hønsehus og eventuelt plass for andre dyr.
- Drivhus.
- Plass og areal for tre, busker, blommar, bærbusker, frukttre, grønnsaker.
- Terrengoverflater utanfor vegar og blomsterbed opparbeidast som plen/naturtomt.
- Hagen skal vere fin og innbydane å vere i både for brukarar, personalet og besøkande.
- Den må vere fin å sjå på, også for dei som er inne.
- Hagen bør kunne nyttast til opphald og rekreasjon av andre bebuarar på Bu- og servicesenteret.
- Plommetreet og bjørka ved noverande uteplass skal bevarast.

Andre tilhøve som er lagt vekt på.

Utbyggingskostnad og finansiering.

Utbygging og omfang må tilpassast tilgjengelege økonomiske midlar.

Ressursbruk – personale.

Viktig at det å bruke hagen ikkje krev auka behov for personale. Brukarane av hagen må ha tilsyn. Difor må hagen vere oversiktleg og trygg å ferdast i.

Trivsel/velvære for brukarar og personale.

Grunnen til at hagen skal etablerast er at brukarane skal komme seg i frisk luft og i natur. Og at dei skal trivast, føle velvære og kjenne seg trygge.

For å få plass til anlegg og tiltak som må til for å oppfylle denne målsettinga, må hagen ha ein viss minstestørleik.

Ressursbruk drift og vedlikehald.

Behovet drift og vedlikehald må vere lite som mogeleg. Når hovudmålet er at hagen alltid skal vere fin og velstelt for at den skal bli brukt, betyr det at det må vere god kvalitet på alle varige anlegg og utstyr/møblering i hagen.

Blomsterbed, plantar og plenar må vere lettstelte. Vegar og plassar må ha fast dekke.

Brukargruppene på Lindås Bu- og Servicesenter.

Det er to brukargrupper. Brukarar av dementavdelinga og brukarar av sjukeheimen. Begge gruppene har same behov for og same nytte av eit uteområde med masse rom for opplevingar og sanseintrykk. Ein skilnad er det likevel i behov for hjelp til å orientere seg i hagen og å finne ”heimatt”. Demente vil her ha nytte av stiar som på naturleg måte fører ein tilbake til utgangspunktet, eit prinsipp som er avgjerande for det gangveg- og stisystemet det er lagt opp til.

Det er dementavdelinga sine behov som er forsøkt ivareteken i planløysinga. Når dei er oppfylte vil og hagen vere fullt brukande og til glede og nytte for dei andre bebuarane ved Lindås Bu- og Servicesenter.

Universell utforming.

Retningslinene for universell utforming skal så langt det er råd, leggjast til grunn for utforming av gangvegar, plassar og tekniske anlegg.

Området – arealet som er tilgjengeleg.

Det er det samanhengande arealet vest og nord for bygget på ca 1,9 da, som er aktuelt å nytte til hage. Området har fleire fortrinn som gjer det godt eigna til føremålet.

- Tomten er vestvendt, solrik
- Tilkømt frå dementavdelinga og sjukeheimen ut i hageområdet er skjerma frå publikumstrafikk og varelevering til bygget.
- Arealet er stort nok og godt eigna til å etablere og få realisert dei fleste ønskjemåla ein har med denne hagen.
- Området er ope med fin utsikt.

Planen.

Jf Teikning: Plan Hage

Utgangspunktet har vore å byggje vidare på den planløysinga som tomten allereie har og utvide og tilpasse desse med dei nye anlegg og tiltak slik at hagen oppfyller dei målsettingane som er sett.

Eksisterande gangveg langs bygget (veg 1 A og 2 A)

Dette er den sentrale gangvegen som knyter saman utgangane til hagen frå sjukeheims og dementavdelinga, samt at den er tilkomstveg inn til hagen frå utsida. Vegen er i dårleg forfatning og må opparbeidast på nytt med asfalt og kantstein. Ved utgangen frå dementavdelinga og to stader langs bygget, er vegen utvida for å gje plass for sittegrupper.

Felles utplass - Festplassen.

Rett ut frå daglegstova i dementavdelinga ligg den sentrale uteplassen. Området delvis opparbeida, men vert utvida og opparbeida med fast dekke, og får fast opplegg for straum, vatn og avløp for vaskevatt, slik at det skal vere enklare å drive med dei uteaktivitetane som vert utført ved heimen i dag, samstundes som det vert mogeleg å få til aktivitetar som i dag er vanskeleg å gjennomføre.

Plassen er utforma med tanke på at personalet og bebuarane, samla eller gruppevis kan bruke den til møteplass og ulike aktivitetar som det er ønskeleg å kunne gjere ute, td. servering, kaffekoking, vask og stell av grønsaker, ballspel, mm.

Ein del av plassen er skjerma med levegg og tak (uterom) slik at den vert betre eigna for opphald i både godt og dårleg ver.

Veg B, staudebed og basseng.

På denne flate delen av tomten som ligg mellom sjukeheims- og dementdelen er det lagt ein ny gangveg veg B. Vegen lagar saman med veg A og festplassen ein ”ringveg” rundt staudebedet. Staudebedet er løfta opp (ca 60cm høg mur) i høve til vegarealet, slik at det både for gåande og rullestolbrukarar og folk som vert trilla i senger, skal vere enkelt å ta og lukte på plantar i bedet. Som del av staudebedet er det laga til plass for og gjort klart for basseng og springvatn. (Sjølve bassenget er ikkje medteke).

Ved vegen er det gjort ei utviding med plass for oppsetting av hønsehus.

Frå vegen skrånar arealet ned mot tomtegrensa. Her kan det fyllast gravemasse frå veganlegga, før området vert planert planert og nytta til bær- og frukthage.

Veg C.

Ny gangveg for å gjere større del av hagen tilgjengeleg for rullestolbrukarar og folk med gåstol.

Vegen vert ein saman med veg A og festplassen ”ringveg” nr 2 i hagen. Området innafor ”ringen” er ein låg haug som i dag tilstelt og vedlikehalde som plen. Denne vert liggjande urørd. Stiar/trapper for gåande kan etablerast med steinheller nedfelt i plenen.

Veg E.

Veg i området i nordre del av hagen. Arealet ligg utanfor det området som i dag er inngjerda, men er godt eigna til føremål som passar inn i ein aktivitetshage. Her er medteke plass for lysthus og vist plassering av moglege bygg for reiskap og vinterlagring av utemøblar. (Bygget er ikkje medteke i overslaget).

Andre anlegg.

Straum.

Det er medteke trekkjerøyr for straum og straumkabel fram til overbygg for festplass, basseng, og langs alle gangvegar. Lyspunkt og armaturar inngår ikkje.

Vatn.

Det er medteke vassleidning fram til basseng og festplass

Avløp.

Avløp frå basseng og festplass vert kopla til overvasssystem

Overvatn og drenering.

Taknedløp, overvatn og drensvatn vert samla og ført ut i terreng vest for tomten.

Kvalitetskrav.

Gangvegar og plassar.

Vegbreidde mellom kantstein 1,6 m.

Vegdekke: Asfalt med god kvalitet.

Kantstein: Støypt kantstein. Tosidig langs unnateke veg E der det ikkje er medteke kantstein.

Oppfyling av krav til universell utforming.

Gangvegar og plassar.

Vegbreidde mellom kantstein 1,6 m.

Vegdekke: Asfalt med god kvalitet.

Kantstein: det er tosidig støypt kantstein langs alle vegane unnateke veg E, for denne vegen er det ikkje medteke kantstein.

Universell utforming.

For vegar og plassar er kravet til vegbreidder og stigningstilhøve oppfylt med følgjande unntak:

- Vegbreidde for gangvegar er av kostnadmessige omsyn valt til 1,6 m, kravet for å møtast med to rullestolar er 1,8 m. Breidda kan aukast, men på grunn av god oversikt, korte avstandar

mellom breiddeutvidingar i kryss og ved sittegrupper meiner en veggbreidda kan vere tilstrekkeleg. (Dette bør likevel vurderast nærare).

- Krav til stigningshøve (1:20) for vegar, er oppfylt for veg 1A, 2A, B og delvis C.
 - Veg E og nordre del av veg C har kortare stigningar på ca 1: 8. Om dette skal akseptast, eller veglinja skal endrast slik at stigningskrava vert oppfylt må og vurderast nærare.
- Andre krav til utforming og plassering av utstyr, plantar og lyssetting må ivaretakast under detaljutforminga.

Kostnadsoverslag.

	Kostnad
1 Rigging	47 000
2 Rydding av området	29 000
3 Tilknytning til straum og vatn	31 000
4 Veg A1 og veg A2	104 000
5 Veg B	36 000
6 Festplassen	88 000
7 Veg C	50 000
8 Veg E	52 000
9 Staudebed	85 000
10 Vassleidning	7 000
11 Avløp og drenering	90 000
12 Straum	68 000
13 Uteromsbygg	95 000
14 Hønsehus	30 000
15 Lysthus	55 000
16 Plantar	15 000
17 Gjerde	47 000
Byggesum netto	929 000
Uforutsett 10%	92 900
MVA 25%	255 475
Totalsum	1 277 375

I overslaget inngår anlegg med kvalitetar som framgår av planen.

Lindås Sanitetsforening

Arne Aven.